

SPRÅKHJELP

- ▶ Skrивeregler og grammatikk
- ▶ Rettskrivning og ordlister
- ▶ Råd om språk

TEMA

- ▶ Språk i staten
- ▶ Skolesider
- ▶ IKT og språk
- ▶ Terminologi og fagspråk
- ▶ Stedsnavn
- ▶ Tegnspråk

POLITIKK OG FAKTA

- ▶ Språkpolitikk
- ▶ Lov og rett
- ▶ Fakta om norsk

Nettsidene Ordbøkene SØK

[Førstesida](#) > [Toppmeny](#) > [Om oss](#) > [Årsmeldinger](#) > Årsmelding Språkrådet 2012

**Årsmeldinger**

- Styreprotokoller
- Vedtekter
- Organisasjonskart
- Historikk
- Nordisk og internasjonalt samarbeid
- English – Deutsch – Français ...

Årsmelding Språkrådet 2012

- ▶ [Forord](#)
- ▶ [Styrking av norsk språk](#)
- ▶ [Språkdyrkning, normering og språkopplæring](#)
- ▶ [Språkrøkt og offentleg språk](#)
- ▶ [Mindretal og minoritatar, mangfold og nabospråkforståing](#)
- ▶ [Nordisk og anna europeisk samarbeid](#)
- ▶ [Informasjon](#)
- ▶ [Styret](#)
- ▶ [Fagråda](#)
- ▶ [Tilsette](#)
- ▶ [Rekneskap for 2012](#)

Forord

Språkrådet prioriterte tre saker spesielt i 2012: innføring av den nye nynorskrettskrivinga, betre språk i det offentlege og arbeid med norsk teiknspråk. Samstundes vidareutvikla Språkrådet arbeidet sitt som rådgjevande organ for både andre statsorgan og samfunnet generelt. Språkrådet har mellom anna ei veksande rådgjevingsverksemd i sosiale medium.

Ny nynorskrettskriving

[Den nye rettskrivningsnormalen for nynorsk](#) tok til å gjelde frå august 2012. I samband med den nye rettskrivninga har Språkrådet gjennomført ei rekke tiltak. Av dei største tiltaka kan nemnast oppdatering av Nynorskordboka i samarbeid med Universitetet i Oslo, produksjon av [ein brosjyre om den nye rettskrivninga](#) og utarbeiding av eit nytt nettcurso i nynorsk med to variantar med kvar si primære målgruppe: [skuleelevar](#) og [offentleg tilsette](#).

Språket i det offentlege

Det fire år lange prosjektet «Klart språk i staten» vart avslutta ved utgangen av 2012. Klarspråkssamarbeidet mellom Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) held likevel fram med [eigen nettstad](#), klarspråkskurs, nynorskurs, seminar og konferansar, fagleg hjelpe til statsorgan som skal gjennomføre språkforbetningsprosjekt, og utdeling av Klarspråksprisen. Når det gjeld arbeidet for ei meir reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk i statlege tekstar, har statsorgana langt att. Det er framleis mange statsorgan som ikkje følgjer reglane i mållova. Språkrådet følgjer opp dette feltet nøyne med både tilsynsarbeid og rådgjeving og prøver å utvikle meir effektive arbeidsmåtar som kan gje betre resultat.

Norsk teiknspråk

Hausten 2011 fekk Språkrådet for første gong ein rådgjevar for teiknspråk. I 2012 har Språkrådet arbeidd med både hasteprega og meir strategiske saker og samarbeidd tett med fag- og brukarorganisasjonar på feltet. Ein førstversjon av [grunnleggjande informasjonstekstar om norsk teiknspråk](#) er lagd ut på nettsidene våre, og publikum byrar å bli merksame på at ein kan stille spørsmål om teiknspråk til Språkrådet.



Språkdagen og Språkprisen

[Den årlege dagskonferansen Språkdagen](#) vart arrangert i november 2012 med tittelen *Språket – er det så nøyne?* Konferansen handla om norsk språk i skulen, som del av danningsa og kulturen og som reiskap for formidling og kommunikasjon i det offentlege. [Språkprisen](#), Språkrådets pris for framifrå bruk av nynorsk og bokmål i sakprosa, vart delt ut for sjette gangen.

Språkstatus

2012-utgåva av den årlege språkpolitiske tilstandsrapporten [Språkstatus](#) vart publisert i juni 2012. Rapporten viste mellom anna at skepsisen til reklame på engelsk aukar, men at norsk språk generelt framleis er under sterkt press frå engelsk. Nynorsk styrker stillinga si i tv-tilbodet frå NRK til barn og unge og i Wikipedia, men blir svekt på viktige bruksområde, kom det fram i denne fjerde tilstandsrapporten frå Språkrådet.

Årsmeldinga gjer greie for innsatsen innanfor dei fire hovudmåla Språkrådet hadde i 2012: styrking av norsk språk; språkdyrkning, normering og språkopplæring; språkrøkt og offentleg språk; mindretal og minoritetar, mangfald og nabospråkforståing. Informasjonsarbeid, styret, dei fire fagråda, dei tilsette (om lag 30 årsverk), rekneskap og nordisk samarbeid har eigne kapittel.

Oslo, juni 2013

Ottar Grepstad
styreleiar

Arnfinn Muruvik Vonen
direktør

Styrking av norsk språk

Seminar om forskingsformidling på norsk
Språkrådet arrangerte for andre år på rad seminar om forskingsformidling på norsk saman med Tidsskriftforeningen, Universitetsforlaget og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. I 2012 vart det arrangert to seminar med tittelen «Ut med språket», eitt i Oslo og eitt i Bergen. Målgruppa for seminara var unge forskarar, og seminara gav motivasjon og praktiske råd om korleis ein kan drive forskingsformidling på godt norsk. Det var til saman rundt 250 deltakarar på desse to seminara i 2012.

Seminar om terminologi og fagspråk i næringslivet
I november 2012 skipa Språkrådet til eit terminologiseminar i Stavanger med tittelen *Norsk terminologi og fagspråk i tre næringslivsbransjer. Ideal og virkelighet*. Arrangørar var Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk og terminologitenesta i Språkrådet. Fagspråket i dei aktuelle bransjane vart belyst gjennom foredrag frå forsking og praktisk verksem. Det var 15 påmeldte deltakarar. Foredraga vil bli trykte som artiklar i tredje utgåva av Språkrådets skriftserie for terminologi og fagspråk, [Terminologen](#), som byrja å kome ut frå 2012.

Europeisk terminologitoppmøte
Språkrådet arrangerte det sjette europeiske terminologitoppmøtet i Oslo i oktober. Drygt 70 deltakarar frå mange land i Europa med på møtet. Dei kunne høre på i alt 13 foredrag og fire diskusjonspanel som tok føre seg ulike aspekt ved terminologi og terminologiarbeid. Det var også presentasjon av plakatar («posters»). Dagen før toppmøtet vart det i tilknyting til det, i samarbeid med det svenska Terminologicentrum TNC og Standard Norge, skipa til eit internasjonalt seminar, *Termintra*, om nasjonale termbankar. Der var vel 30 deltakarar frå mange land med. Under siste dagen av toppmøtet vart det delt ut tre internasjonale terminologiprisar som EAFT forvaltar saman med terminologiorganet *Termnet*.

Grunnleggjande terminologikurs
For tredje året på rad heldt Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk saman med terminologitenesta i Språkrådet eit heildags grunnleggjande kurs i terminologi og terminologiarbeid. Kurset vart arrangert i oktober, dagen før det europeiske terminologitoppmøtet og på same staden. Det var 21 deltakarar på kurset. Kurset var, som tidlegare år, gratis for deltakarane.

Bidrag til terminologibasen *Electropedia*
Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) står bak den internasjonale og nettbaserte elektrotekniske terminologibasen *Electropedia*. Språkrådets terminologiteneste er tilknytt prosjektet og bidreg med kritisk vurdering av føreslåtte termar på bokmål og legg til tilsvarende termar på nynorsk. Prosjektet har gått jamt og trutt framover, og om lag 800 termar er behandla i 2012.

Administrativ terminologi for universitets- og høgskulesektoren
Språkrådets terminologiteneste har teke initiativ til og medverka i arbeidet med å forbetre søkjemotoren i Universitets- og høgskolerådets nettbaserte terminologidatabase for universitets- og høgskuleadministrativ terminologi. Samstundes har terminologitenesta sytt for at alle termene i basen finst på både bokmål og nynorsk i tillegg til engelsk, det einaste framandspråket i basen. Den nye søkjemotoren og eit tilhøyrande nytt grensesnitt for vising av søker blir tilgjengelege tidleg i 2013. Før det skal terminologitenesta bidra til ein fullstendig fagleg gjennomgang og kontroll av innhaldet.

Diplom for godt namnevett

Språkrådet deler kvart år ut diplom til bedrifter og føretak som har valt gode norske namn på verksemda si. Dette tiltaket er eit ledd i arbeidet for å motverke unødvendig bruk av engelsk i norsk språk. Sju verksemder i Rogaland vart heidra for godt namneveitt i 2012.

Språkdyrkning, normering og språkopplæring

Ny nynorskrettskriving frå 2012



Språkrådet har sett i verk mange tiltak for å informere om nynorsk rettskriving generelt og den nye reforma spesielt. Nettutgåva av *Nynorskordboka* var oppdatert med ny rettskriving til skulestart, og ein brosjyre med hovudpunkt i reforma vart send ut til alle skulane i landet i eit opplag på 38 000. Brosjyren ligg også på nettsidene. Språkrådet har i 2012 halde 42 kurs om den nye norma over heile landet, mest for lærarar, men også for andre grupper. Språkrådet har utarbeidd eit nytt nettcurso i nynorsk. Kurset vart lansert i juni 2012. Nettkurset finst i to versjonar, ein med skuleelevar som primær målgruppe og ein for offentleg tilsette. Kurset inneheld ein nynorsk minigrammatikk som er felles for begge versjonane.

Det finst eit øvingsrom med sjølvrettande oppgåver for skuleelevar og eit for offentleg tilsette. Dessutan inneholder skuleversjonen nettsider med fakta om nynorsk for elevar og tips til norsklaererar. Dei ulike komponentane i kurset har vorte supplerte og korrigerte også etter at kurset vart lansert i juni. Den datatekniske løysinga vart etter ein anbodskonkurranse levert av ein ekster leverandør.

Språkrådet har også utarbeidd eit sett med råd om krav til konsekvens i den nye rettskrivinga for nynorsk. I samband med innføringa av ny nynorsknorm har Språkrådet teke stilling til ei mengd detaljspørsmål i nynorsk. Etter at den nye nynorskreformen tok til å gjelde, har Språkrådet hatt tre skuleordlister inne til godkjenning i 2012, og for to av dei var godkjenninga ferdig før årsskiftet 2012/2013.

Ny utgåve av *Nynorskordboka*

Den nye rettskrivinga for nynorsk tok til å gjelde 1. august 2012, og frå skulestart var *Nynorskordboka* oppdatert i oppslagsord og bøyningar i nettversjonen av ordboka. Alle oppslagsord har no fått full bøyning, også samansetningar. Parallelt med oppdateringen er det gjort ei teknisk oppgradering som har gjeve ordboka nye funksjonar som viser innhaldet betre, det er mellom anna lagt inn mange kryssreferansar. Det er sett i gang arbeid med å revidere også innhaldet i ordboka med tanke på ny utgåve på nett og papir. Det er også gjort ein del oppdatering av *Bokmålsordboka*.

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* på nett

Språkrådet har eit fast samarbeid med Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo om *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Talet på søk aukar frå år til år. Den sterke auken frå 2011 til 2012 heng truleg saman med bruken av spelet Wordfeud. Dette er søkeretala for dei elektroniske ordbøkene for dei siste tre åra:

	Bokmålsordboka	Nynorskordboka
2010	17,2 millionar	12,6 millionar
2011	21,1 millionar	14,4 millionar
2012	44 millionar	30,3 millionar

Databasane bak ordbøkene

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* viser den offisielle rettskrivinga for dei to målformene. I 2012 har Universitetet i Oslo i samråd med Språkrådet gjort ein god del vedlikehaldsarbeid i databasane til ordbøkene, særleg til *Nynorskordboka*, på grunn av rettskrivningsreforma og oppdateringa av ordboka.

Språkdagen 2012 med to nye undersøkingar

Språkdagen 2012 vart arrangert i november med rundt 220 deltakrar. To nye undersøkingar vart presenterte. Den eine tok føre seg korleis det å vere van med å skrive både nynorsk og bokmål påverkar evna til å oppfatte språk, og var utført ved Språktilegneses- og språkprosesseringslaboratoriet ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Undersøkinga viste mellom anna at personar som ofte skriv nynorsk, les bokmål raskare enn andre. Ei undersøking om språkarbeid i staten vart også presentert på Språkdagen, [sjå kapitlet «Språkrokt og offentleg språk»](#).

Knud Knudsen-jubileet



I samband med at det var 200 år sidan Knud Knudsen, bokmålets far, vart fødd, gav Språkrådet ut eit temanummer av *Språknytt* om Knudsen. Jubileet vart elles markert på konferansen Språkdagen i november.



Styreleieren i Språkrådet heldt òg tale ved eit eige jubileumsarrangement om Knudsen, og direktøren deltok på eit jubileumsseminar i regi av Bymålslaget og Universitetet i Oslo.

Debattmøte om norskfaget

Språkrådet arrangerte i 2012 to møte om norskfaget (med rundt 60 deltakarar på kvart) og dessutan ein større konferanse (med rundt 90 deltakarar) i samarbeid med

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Debattane på møta og konferansen vart knytte til diskusjonen om forslaga til nye læreplanar for norskfaget som var under arbeid i Utdanningsdirektoratet i 2012. Haldningsundersøkinga Språkrådet gjorde i 2010 om norsklærarars haldning til eige fag vart debattert på møta.

Kontakt med Senter for lesing og leseforskning

Fagrådet for skule og offentleg forvalting besøkte våren 2012 Senter for lesing og leseforskning i Stavanger og etablerte eit samarbeid med senteret.

Språkleg kvalitet i læremiddel for grunnskolen

Ei gruppe læremiddelforskarar ved Høgskolen i Vestfold har, etter oppdrag frå Språkrådet, utarbeidd ein rapport som viser kva som særmekjer gode tekstar og godt språk i læremiddel. I 2013 skal Språkrådet halde eit seminar til inspirasjon for lærebokfattarar og forlagsredaktørar, der innhaldet i rapporten blir presentert. Rapporten skal gjevest ut elektronisk i serien *Språkrådets skrifter*.

Nysgjerrigpers språkpri

Språkrådet oppretta i 2012 [Nysgjerrigpers språkpri](#) i samarbeid med Noregs forskingsråd. Nysgjerriger er ein forskingskonkurranse for barn. Det var fleire gode kandidatar til prisen, og vinnaren av Nysgjerrigpers språkpri 2012 vart Skábu oppvekst i Nord-Fron med eit prosjekt om Skábu-dialekten.

Stadnamnsaker

Dei fem avdelingane i stadnamntenesta i Språkrådet har i 2012 gjeve tilrådingar til kommunar om skrivemåten av adressenamn, og behandla andre namnesaker som mellom anna gjeld natumann og bru- og tunnelnamn. Stadnamntenesta har òg svart på mange spørsmål på telefon og e-post. Stadnamntenesta på Vestlandet samarbeider med Universitetet i Bergen om å oppdatere stadnamndatabasane ved universitetet. Databasen for kvenske stadnamn har fått over 1800 nye namneariklar i 2012.

Brosjyre om namnsetjing i kommunane

[Brosjyren](#) vart publisert på både bokmål og nynorsk hausten 2012. Han vart send ut til alle kommunane i landet i desember. Brosjyren forklarer korleis kommunane skal gå fram når dei vel namn, og korleis adressenamna bør skrivast.

Møte om stadnamn og fleirspråklegheit

Stadnamntenesta for norske namn i Nord-Noreg arrangerte eit samrådsmøte i Tromsø i oktober 2012. Språkrådet, Kartverket, Sametinget, fleire samiske språksenter, Norske Kveners Forbund og Fornøyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet deltok. Tema for møtet var stadnamn og fleirspråklegheit.

Revisjon av stadnamnlova

Kulturdepartementet sende i 2012 ut eit høyringsframlegg til endring av stadnamnlova. Både klagenemnda for stadnamnsaker og Språkrådet var høyringsinstansar og sende kvar si fråsegn.

Bok om nyord i norsk 1976–2005

Boka «Nyord i norsk» kom ut på Kunnskapsforlaget i 2012. Medarbeidarar i Språkrådet har vore med og laga boka, mellom anna som redaktørar på delar av boka. Ordboka tek for seg nye ord frå ára 1976–2005. Med 10 000 oppslagsord viser boka korleis samfunnsutviklinga har sett spor i språket. Til dømes har innvandring, auka likestilling og teknologisk utvikling gjeve oss nye ord som *falafel*, *pressetalskvinne* og *minnepinne*.

Språkrøkt og offentleg språk

Språkleg rådgjeving

Språkrådet arbeider med språkrøkt på mange ulike vis. Den allmenne svartenesta i Språkrådet gjev råd til publikum om korrekt og godt språk og er ein sentral del av dette arbeidet. Språktenesta for statsorgan og terminologitenesta svarer på spørsmål innanfor sine fagområde. Hausten 2011 vart aktiviteten utvida frå rådgjeving på e-post og telefon til òg å omfatte rådgjeving på [Twitter](#) og [Facebook](#).

Talet på e-postar med språkspørsmål var drygt 3700 i 2012, mot litt over 4100 i 2011 og drygt 4000 i 2010. Ein god del e-postar har meir enn eitt spørsmål. Talet på telefonar med språkspørsmål gjekk ned frå over 2300 i ára 2010 og 2011 til drygt 1700 i 2012. Nedgangen kan ha samanheng med at telefontida vart sett ned med to timer dagleg frå

2012. Elles stilte stadig fleire spørsmål til Språkrådet gjennom sosiale medium i 2012, vi gav nærmere 600 svar på Twitter og Facebook, dei fleste på Twitter.

I tillegg til dette svarer stednamntenesta i Språkrådet på spørsmål.

Språkprisen 2012



Erik Tunstad og Marta Norheim fikk Språkprisen 2012.
Foto: Gorm Kallestad / Scanpix

Språkprisen for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa vart i 2012 gjeven til Marta Norheim, nynorsk (litteraturvitenskap og humanistiske fag) og Erik Tunstad, bokmål (naturvitenskap og forskingsjournalistikk). Juryen drøfta og vurderte 20 kandidatar, åtte bokmållskrivande og tolv nynorskskrivande. [Prisane vart delte ut på Språkdagen](#) i november av styreleia i Språkrådet.

Seminar om skjønnlitterære omsetjingar til nynorsk
I 2012 arrangerte Språkrådet, saman med Det Norske Samlaget og Norsk Oversetterforening, eit todagarsseminar om skjønnlitterær omsetjing til nynorsk. Seminaret var mynta på nynorskbrukarar som kunne tenkje seg å bli omsetjarar, og på omsetjarar som kunne tenkje seg å omsetje til nynorsk. Seminaret gav mellom anna ei oppdatering i den nye nynorskrettskrivinga.

Digital læringsressurs om filmteksting
Språkrådet har samarbeidd med Norsk audiovisuell oversetterforening (NAVO) om ein nettbasert læringsressurs om filmteksting. NAVO har publisert læringsressursen på sine nettsider.

Klarspråkskurs for statsorgan og gjennomgang av tekstar
I 2012 har språkenesta for statsorgan i Språkrådet halde til saman 14 klarspråkskurs for statsorgan. I tillegg har språkenesta utvikla og halde to heildagskurs om språk og struktur i regelverk, [sjå punktet om språkleg kvalitet i regelverk](#). I 2012 har språkenesta gjennomgått og vurdert eller kvalitetssikra tekstar frå 21 statsorgan. Blant dei viktigaste oppdraga er språkleg kvalitetssikring av statsrekneskapen (nynorsk).

Prosjektet «Klart språk i staten»
I 2012 har Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) arbeidd vidare med prosjektet «Klart språk i staten». Prosjektet vart avslutta 31.12.12, men klarspråksamarbeidet mellom Difi og Språkrådet (ved språkenesta) held fram. Innanfor støtteordninga i prosjektet fekk sju statsorgan tildelt rådgjevingstimar frå Språkrådet i 2012.

Klarspråkskonferansen 2012
Saman med Difi arrangerte Språkrådet Klarspråkskonferansen 2012 i Oslo med utdeling av Klarspråkprisen, og Språkrådet har gjort sekretariatsarbeidet for juryen. Overskriftene for konferansen var «Klarspråk i Norge og i verden – hva skjer, og hvor går vi?» og «Må språket i lover og regler være så vanskelig?».

Språkleg kvalitet i regelverk



Statsråd Rigmor Aarud overrekker Klarspråkprisen 2012 til direktør Finn Melbø i Statens Pensjonskasse.

Under prosjektet «Klart språk i staten» er det etablert eit eige delprosjekt som arbeider med språk i regelverk. Føremålet med delprosjektet er å få meir kunnskap om dei språklege utfordringane i regelverket og å setje i gang tiltak for å gjøre språket i regelverk betre. Språkenesta for statsorgan representerer Språkrådet i dette delprosjektet, som held fram som eige prosjekt

etter at hovudprosjektet «Klart språk i staten» er avslutta. I tillegg har språkenesta gjennomgått og kvalitetssikra utvalde lovtekstar på nynorsk og eit utdrag av utkast til ny arvelov (førrebels bokmål). Språkrådet har vore med på å utarbeide versjonar av Grunnlova i begge målformer (sjå avsnittet under). I samarbeid med forskriftseininga i lovavdelinga i Justisdepartementet har Språkrådet (ved språkenesta) utvikla og halde to kurs om språk og struktur i regelverk i 2012.

Revisjon av språket i Grunnlova

I 2012 vart det laga språkleg oppdaterte versjonar av Grunnlova på både bokmål og nynorsk, på oppdrag frå presidentskapet i Stortinget. To tilsette i Språkrådet var med i utvalet som utarbeidde versjonane. Stortinget skal ta endeleg stilling til framlegg i 2014. Dei nye versjonane følgjer den offisielle rettskrivinga. Kansellistilen er dempa, og setningsbygninga er meir moderne. Utvalet har bytt ut mange mindre kjente ord, men nokre «gamle» ord har fått stå fordi dei handlar om historiske tilhøve. Utvalet har gjennomført kjønnsnøytrale uttrykk som *ho eller han, prinsesser eller prinsar* osv.

Informasjon på nettet

I 2012 har språktenesta i Språkrådet publisert 40 framsidesaker og annan nytlig informasjon på nettstaden www.klarsprak.no. Nettstaden vart omlagd og forbetra i 2012, og undersidene om juridisk språk (mellom anna i lover og forskrifter) vart oppdaterte.

[Språkquizen](#) er oppdatert i tråd med den nye nynorsknorma.

Spørjeundersøking om språkarbeid i staten

Språkrådet har i 2012 gjennomført ei omfattande spørjeundersøking om språkarbeid i statsorgana. Føremålet med undersøkinga var mellom anna å kartlegge haldninger til språkarbeid og å finne ut kva for hjelpemiddel statstilsette brukar når dei skriv. Undersøkinga vart utført av Ipsos MMI på vegner av Språkrådet, og resultata vart presenterte på Språkråden i november. I undersøkinga svarte nesten alle statstilsette at det er viktig å betre språket i statlege tekstar, samstundes svarer ni av ti at dei sjølv skriv godt nok. Undersøkinga viste også at statstilsette veit lite om dei språklege krava som blir stilt i statlege styringsdokument. Berre ein tredel av dei spurde meiner at dei har tilstrekkeleg kompetanse i begge målformene.

Nettverk av språkkontaktar

Språkrådet og Difi arrangerte eit seminar for «klarspråksveteranar» i juni 2012 for å diskutere korleis ein kan arbeide vidare med språktiltak i staten etter at prosjektet «Kart språk i staten» er avslutta. Ni statsorgan var representerte. Det vart diskutert korleis språkansvarlege i staten kan arbeide, og korleis eit nettverk av språkkontaktar i statsorgana bør vere og fungere. Språkrådet arbeider vidare med å få kontakt med informasjonsavdelinga i kvart statsorgan.

Statsspråk

Også i 2012 har språktenesta laga fire utgåver av [Statsspråk](#), bladet for godt språk i staten. [Nr. 1](#) handla om meteorologispråket og uttrykk for mengdeendring i rapportar og rekneskapar (med vekt på nynorsk). [Nr. 2](#) var eit temanummer om terminologi. [Nr. 3](#) tok føre seg språket i helsesektoren og den nye nynorskrettskrivinga. [Nr. 4](#) var eit temanummer om stadtnamn.

Tilsynsarbeid etter lov om målbruk i offentleg teneste

Språkrådet har i 2012 behandla 137 rapportar om målbruk og 70 klagesaker. Resultata og meir utfyllande informasjon om mållovsarbeidet ligg i *Rapport om målbruk i offentleg teneste 2011* som hausten 2012 vart oversend til Kulturdepartementet. Rapporten viser at staten framleis ligg langt unna å oppfylle krava i mållova.

Seminar og brosjyre om nynorsk i staten

I mars 2012 arrangerte Språkrådet eit seminar om nynorsk i staten. Meir enn 50 personar frå 36 statsorgan deltok, og tilbakemeldingane frå deltakarane var gode. Til seminaret hadde Språkrådet invitert tre innleiarar frå tre ulike statsorgan som kan vise til gode resultat: eitt departement, eitt direktorat og eitt universitet. Dessutan var det innleiarar frå både språktenesta og mållovtilsynet. Eit av føremåla med seminaret var å spreie informasjon om regelverket hjå statstilsette, og mållovtilsynet hadde ei eiga orientering om regelverket i mållova og om gode rutinar. Brosjyren [Nynorsk i staten](#). [Reglar og råd](#) vart lansert og delt ut på seminaret.

Innspel til revideringa av mållova

Språkrådet har gått gjennom ein del av klagesakene som har kome inn dei siste åra. Hovudføremålet med arbeidet er å bidra med innspel til Kulturdepartementet i samband med revideringa av mållova. Departementet fekk ein del innspel i 2012, og arbeidet held fram i 2013.

Nynorskkurs med kurshaldar

Språkrådets standardkurs i nynorsk har i 2012 (med eitt unntak) gått over tre dagar og omfattar mellom anna skrifflige oppgåver med individuelle tilbakemeldinger på innsende tekstar. Kurset inneheld også ei praktisk orientering om reglane i mållova. I 2012 har språktenesta halde fire nynorskkurs for statsorgan. Etterspurnaden etter nynorskkurs er mindre enn det behovet for opplæring tilseier. For å marknadsføre kurstilbodet betre har språktenesta i 2012 lyst ut ti todagars nynorskkurs for statsorgan i 2013. I 2012 kom Språkrådet fram til at ein i tillegg til dei ordinære nynorskkursa skal lage og tilby eit inspirasjonsinnlegg om nynorsk i staten.

Mindretal og minoritar, mangfold og nabospråkforståing

Språklege rettar i samfunnet

Språkrådet har i 2012, som i tidlegare år, følgt med på om nyorskbrukarar får oppfylt dei språklege rettane sine. Sjå også omtalen av tilsynet med mållova tidlegare i årsmeldinga. I 2012 har Språkrådet også følgt med på dei språklege rettane til teiknspråkbrukarar og arbeidd med å finne høvelege arbeidsformer.

Nynorsk målbruk

Språkrådet arbeider for å styrke nynorsk målbruk på fleire område. Ei av dei mest omfangsrike sakene i 2012 har vore den melde revisjonen av læreplanen i norsk med tilhøyrande vurderingsordningar. Språkrådet har ved fleire høge ytra uro over ei føreslått nedjustering av krava til skriftelege ferdigheiter i begge målformene.

Rådgjevar i Språkrådet med ansvar for andre språk enn norsk

Våren 2012 lyste Språkrådet ut ei stilling som rådgjevar med ansvar for nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romani og romanes) og nyare innvandarspråk. Rådgjevaren tok til i stillinga si i januar 2013.

Språkvitskapleg forankring av teiknspråkordboka

Språkrådet har etablert kontakt med dei som arbeider med *Norsk teiknordbok* ved Møller-Trøndelag kompetansesenter i Trondheim (frå 2013: Statped midt). Språkrådet vil sjå behovet for ei vitskapleg forankring av teiknspråklexikografien i samanheng med ei meir samla tilnærming til ordbokbehova i Noreg i tida frametter.

Nasjonalt nettverk for norsk teiknspråk i høgare utdanning

Saman med dei tre høgskulane som tilbyd teiknspråkutdanning, fleire interesseorganisasjonar for teiknspråkbrukarar og ei rekke andre institusjonar har Språkrådet i 2012 arbeidd i ein «visjonskomité» som mellom anna skal arbeide for eit nettverk for teiknspråk i høgare utdanning.

Seminar om språkpolitisk arbeid med teiknspråk

I samarbeid med Norges Døveforbund har Språkrådet i 2012 arbeidd med planar om ein språkpolitisk konferanse om teiknspråk i 2013. Målet for konferansen er å lyfte kunnskapsnivået om norsk teiknspråk, ikkje minst hjå personar med avgjerdsmynde i samfunnet.

Databasen for kvenske stadnamn

I 2012 har Språkrådet ved kvensk stadnamteneste arbeidd vidare med vedlikehald og oppdatering av databasen for kvenske stadnamn. Over 1800 nye namneartiklar vart publiserte i 2012, dessutan har databasen ein fyldigare artikkel for «Månedens stedsnavn» kvar månad.

Kurs i nabospråkundervisning

I 2012 har Språkrådet halde to minikurs i nabospråkundervisning for lærarar. Kursa er haldne i samband med oppfølging av undersøkingane om kva haldning norsklærarar har til faget sitt (sjå omtale tidlegare i årsmeldinga).

Nordisk og anna europeisk samarbeid

Nettverket for språknemndene i Norden – nordisk språkmøte og nettverksmøte i Oslo

Språkrådet samarbeider med dei nordiske språknemndene gjennom nettverket for språknemndene i Norden. I august 2012 arrangerte Språkrådet Det nordiske språkmøtet i Oslo. Temaet var tv-teksting i Norden. Det var føredrag frå dei ulike landa og paneldebatt med representantar frå mellom anna kulturkomiteen på Stortinget og frå NRK. Foredrag frå konferansen blir publiserte i årsskriftet *Språk i Norden*. Nettverksmøtet for språknemndene i Norden (institusjonar som tilsvarer Språkrådet) vart òg arrangert i Oslo i august 2012.

Nordisk miniordbok på nett

Språkrådet arbeidde i 2012 med ordboka *Nordisk miniordbok*, som vart lansert i 2013. Ordboka rettar seg mellom anna mot barn og unge og blir ein ressurs i nabospråkopplæringa i skulen. Prosjektet var finansiert med midlar frå eksterne og for det meste nordiske organ.

Nordisk svardatabase

Språkrådet bidreg til ein felles database med svar på språkspørsmål frå dei ulike språknemndene i Norden. Arbeidet med svardatabasen er i hovudsak fullført, men det står att noko omsetningsarbeid og gjennomgang av ulike kategoriar i svarbasen.

Nordisk språkteknologikonferanse

I oktober 2012 arrangerte arbeidsgruppa for språkteknologi i Norden (ASTIN), som ein tilsett i Språkrådet no leiar, ein nordisk språkteknologikonferanse om taleteknologiens innverknad på utvikling av ei uttalenorm. Konferansen vart halden i Lund i Sverige og hadde rundt 60 deltakrar. Det skal publisera ein konferanserapport. Konferansen og rapporten vart finansierte av nordiske midlar som arbeidsgruppa for språkteknologi vart tildelt frå nettverket for språknemndene i Norden.

CLARIN og CLARINO

Common Language Resources and Technology Infrastructure (CLARIN) er ein europeisk organisasjon som kartlegg og gjer tilgjengeleg språkressursar for språktolkologisk bruk. CLARINO er den norske delen av organisasjonen. Språkrådet er representert i fleire arbeidsgrupper.

META-NET og META-NOR

Multilingual Europe Technology Alliance (META) er eit europeisk nettverk som kartlegg språkressursar og samordnar dei på europeisk og nordisk/hasjonalt nivå. I 2011 vart det publisert tilstandsrapportar for alle deltarland. Språkrådet er representert i begge organisasjonane.

Nordisk terminologisamarbeid

Språkrådet representerer Noreg i styret for det nordiske terminologisamarbeidet, Nordterm. Det vart halde eitt styremøte i 2012, der hovudsaka var det toårige arrangementet Nordterm-dagane, som i juni 2013 blir arrangert i Stockholm av det svenske terminologiorganet Terminologicentrum TNC.

Den europeiske terminologiforeininga

Terminologitenesta i Språkrådet er representert i Den europeiske terminologiforeininga (EAFT) og har for tida leiarvervet.

Nordisk foreining for leksikografi (NFL)

Ein tilsett i Språkrådet er leiar for styret i NFL i perioden 2011–2013. Språkrådet har hovudansvaret for den nordiske leksikografikonferansen i Oslo i august 2013. Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) ved Universitetet i Oslo er samarbeidspartner.

Den nordiske leksikografikonferansen i Lund

Rapporten frå den nordiske leksikografikonferansen i Lund i Sverige i mai 2011 vart i 2012 publisert i skrifteneserie *Nordiske Studier i Leksikografi*.

EFNIL

European Federation of National Institutions for language (EFNIL) er ein kontaktorganisasjon for dei nasjonale språkinstitusjonane i EU. Språkrådet representerer Noreg, som er assosiert medlem.

Informasjon

Språkrådets nettsider

I 2012 var det over 1,3 millionar besøk på nettsidene – meir enn 200 000 fleire enn året før. Talet har også jamt dei siste åra. Dei best besøkte sidene på nettsiden var som før rettskriving og ordlistar, skrivarereglar og grammatikk og nettkurset i nynorsk. Mange kjem òg til nettsidene for å søkje i *Bokmål/sordboka* og *Nynorskordboka*. Det viktigaste nye tilbodet på nettsidene i 2012 var eit nytt nynorskurs for elevar i den vidaregåande skulen med øvingar, minigrammatikk, råd, fakta og tips. Kurset har også øvingar for tilsette i det offentlege. Innhaldet er i tråd med den nye rettskrivinga for nynorsk. Det vart oppretta eigne temasider om norsk teiknspråk i 2012. [Sjå elles omtalen av klarspråkssidene \(www.klarspråk.no\) i kapitlet «Språkrøkt og offentleg språk».](#)

Facebook og Twitter

Språkrådet har ei side i nettsamfunnet [Facebook](#) og ein profil i mikrobloggingstenesta [Twitter](#). Språkrådet nyttar desse tenestene til å gje språklege råd og spreie nytt om arbeidet vårt. Direktøren har eigen Twitter-profil.

Medieomtale

I mediearkivet Atekst (Retriever) er Språkrådet omtalt i 725 artiklar frå 2012, mot 653 i 2011 og 553 i 2010. Den nye rettskrivinga for nynorsk fekk mykje medieomtale. Språkdagen fekk òg brei mediedekning. Ei anna hending som fekk stor mediemarksemd, var kåringa av *nave* (*naving*) som årets ord.

Språknytt

[Språknytt](#), Språkrådets blad for alle språkinteresserte, kom også i 2012 ut med fire utgåver. Opplaget vart justert litt ned, frå 12 000 ved nr. 1 til 11 700 ved nr. 4/2012. [Nr. 1](#) tok mellom anna føre seg mállova og tolking mellom samisk og norsk. [Nr. 2](#) var ei temaautgåve om Knud Knudsen – far til bokmålet. [Nr. 3](#) handla mellom anna om pensumslitteratur på norsk. [Nr. 4](#) tok mellom anna føre seg talespråk blant unge.

Statsspråk

[Sjå omtale i kapitlet «Språkrøkt og offentleg språk».](#)

Språkrådets skrifteneserie

Eit nytt nummer i serien [Språkrådets skrifteneserie](#) vart laga i 2012: *Språkmeldingen som handlingsplan. Retorikk og resultater av Anders Johansen. Stortingsmeldinga «Mål og meininger. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk»* blir analysert i skriften.

Brosjyrar

Språkrådet gav ut fire nye [brosjyrar](#) i 2012. Brosjyren *Nynorsk i staten. Reglar og råd*

informerer om krava i mållova og om hjelpemiddel og om kurstilboda til Språkrådet. Brosjyren *Ny nynorskrettskriving* frå 2012 tek føre seg hovudtrekka i den nye rettskrivningsreforma for nynorsk. Brosjyren *Navnsetting av gater og veier* (bokmålsutgåve) / *Namnsettning av gater og vegar* (nynorskutgåve) gjev råd til kommunane i arbeidet med nye adressenamn. Til det europeiske toppmøtet om terminologi i Oslo i oktober vart det laga ein presentasjonsbrosjyre om Språkrådet og terminologitenesta.

Spalte i Norskklæraren

Språkrådet har ei spalte om språk i bladet *Norskklæraren*, som kjem fire gonger i året. Spalten tok i 2012 opp den nye nynorsknorma, Nysgjerrigpers språkpris, arbeidet med bokmåls- og nynorskversjonar av Grunnlova, Språkdagen 2012 og ulike språkspørsmål lærarar og elevar har.

Styret

Styret for Språkrådet er oppnemnt frå 26. november 2010 til 31. desember 2014. Det har åtte medlemmer som er oppnemnde av Kulturdepartementet, og ein medlem som representerer dei tilsette.

Styret i 2012

Leiar: Ottar Grepstad, Volda (nynorsk)

Nestleiar: Åse Lill Kimestad, Mandal (bokmål)

Medlem: Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø (nynorsk)

Medlem: Margrethe Kvarernes, Språkrådet (bokmål, vald av dei tilsette, styremedlem første halvdel av perioden)

Medlem: Ola T. Länke, Rennebu (bokmål)

Medlem: Trond Trosterud, Tromsø (nynorsk)

Medlem: Helene Uri, Oslo (bokmål)

Medlem: Åse Wetås, Drammen (nynorsk)

Medlem: Kamil Øzerk, Oslo (bokmål)

Varamedlem: Bente Christensen, Oslo (varamedlem for bokmålsrepresentantane)

Varamedlem: Daniel Gusfre Ims, Språkrådet (nynorsk, vald av dei tilsette, styremedlem andre halvdel av perioden)

Varamedlem: Lars Rottem Krangnes, Oslo (varamedlem for nynorskrepresentantane)

Styremøta i 2013

Styremøta vart haldne 27. februar, 25. april, 13. og 14. juni (i Sverige), 3. september, 17. september (telefonmøte) og 6. desember.

Studietur for styret til Sverige

I samarbeid med Språkrådet i Stockholm og Lexikaliska institutet ved Göteborgs universitet hadde styret i juni eit todagars seminar i Stockholm og Göteborg. Styret fekk informasjon om korleis det svenska Språkrådet arbeider med minoritetsspråk, teiknspråk, klarspråk, ordbøker og språkbank, og om kva det inneber å ha ei språklov. Også i Noreg skal det utarbeidast ei språklov, og dette var lærerikt for styret, som elles orienterte om norsk språkpolitikk og kva det norske Språkrådet har av arbeidsoppgåver.

Fagråda

Fagrådet for samfunn og høgare utdanning (fagråd 1)

Gunnstein Akselberg, professor ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen, **leiar**

Karianne Braathen, redaksjonssjef i Norsk Ukeblad, Drammen (kom inn i rådet hausten 2012)

Gunnar Kvassheim, redaktør i Dalane Tidende, Egersund (gjekk ut av rådet ved årsskiftet 2012–13)

Kristine Meek, ansvarleg for samfunnsansvar i Telenor Norge, Oslo (gjekk ut av rådet ved årsskiftet 2012–13)

Audhild Gregoriusdotter Røtevatn, dagleg leiar i Allkunne, Ålesund

Dag F. Simonsen, seniorrådgjevar i Språkrådet, **sekretær**

Håvard Teigen, professor i regional økonomi og politikk ved Høgskolen i Lillehammer

Fagrådet for skule og offentleg forvaltning (fagråd 2)

Ove Eide, forfattar og leiar for utvikling og formying ved Firda vidaregåande skule, Sandane, **leiar**

Torbjørg Breivik, seniorrådgjevar i sekretariatet i Språkrådet, **sekretær**

Vidar Kristensen, seniorrådgjevar/prosjektleiar, Kyrkjerådet, Oslo

Atle Måseide, førsteamanuensis ved Institutt for filosofi, Universitetet i Tromsø (gjekk ut av rådet ved årsskiftet 2012–13)

Arvid Samland, informasjonsrådgjevar, Statsministerens kontor (gjekk ut av rådet ved årsskiftet 2012–13)

Torill Tørjesen, lærar, Oslo voksenopplæring, Sinsen

Anne Ertresvaag Aasland, lærar, Nygård skole, Bergen (gjekk ut av rådet ved årsskiftet 2012–13)

Fagrådet for normering og språkobservasjon (fagråd 3)

Helge Dyvik, professor ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen, leiar

Endre Brunstad, førsteanmanuensis ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen

Oddrun Grønvik, hovedredaktør for Norsk Ordbok 2014 og forskar ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo

Ingunn Indrebø Ims, stipendiat ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo

Marit Hovdenak, seniorrådgjevar i sekretariatet i Språkrådet, sekretær

Inge Særheim, professor ved Institutt for kultur- og språkvitskap ved Universitetet i Stavanger

Ingebjørg Tonne, førsteanmanuensis ved norskseksjonen, Avdeling for lærarutdanning og internasjonale studium, Høgskolen i Oslo (gjekk ut av rådet ved årsskiftet 2012–13)

Fagrådet for terminologi og fagspråk (fagråd 4)

Tove Bjørneset, prosjektleiar ved Uni Computing i Uni Research AS, Bergen, leiar

Sylvi Dysvik, seniorrådgjevar i EØS-sekretariatet i Utanriksdepartementet, Oslo

Ellen Margrethe Grong, fagomsetjar og førstekonsulent ved Universitetet i Bergen (kom inn i rådet tidleg i 2012)

Jan Hoel, seniorrådgjevar i sekretariatet i Språkrådet, sekretær

Håvard Hjulstad, prosjektleiar i Standard Norge, Lysaker

Knut Jonassen, prosjektleiar i Standard Norge, Lysaker

Sigbjørn Hjelmbrekke, stipendiat i kulturøkonomi og opphavsrett ved Høgskolen i Telemark (gjekk ut av rådet ved årsskiftet 2012–13)

Tilsette

Leiing

direktør Arnfinn Muruvik Vonen

administrasjonssjef Karl Henrik Steinsholt

fagkoordinator Sigfrid Tvitekkja (permisjon 1.–31.1. og 3.9.–2.11.)

fagkoordinator Nina Teigland (vikar 1.–31.1. og 3.9.–2.11.)

informasjonssjef Svein Arne Orvik

Rådgjevarar

rådgjevar Øystein Baardsgaard

seniorrådgjevar Marit Hovdenak

førstekonsulent Line Håberg (10.4.–31.12.)

rådgjevar Erlend Lønnum

seniorrådgjevar Åsta Norheim

rådgjevar Eilov Runnestø

seniorrådgjevar Dag F. Simonsen

seniorrådgjevar Nina Teigland

rådgjevar Ragnhild Ås

Språktenesta for statsorgan

koordinator, seniorrådgjevar Aud Anna Senje

rådgjevar Bård Eskeland

seniorrådgjevar Mærgrethe Kvarenes

rådgjevar Torunn Reksten

rådgjevar Kjetil Aasen

Terminologitenesta

koordinator, seniorrådgjevar Jan Hoel

rådgjevar Marianne Aasgaard

seniorrådgjevar Ole Våge

IKT og norsk språk

seniorrådgjevar Torbjørg Breivik

Mållovstilsynet

rådgjevar Astrid Marie Grov

rådgjevar Daniel Ims

Stadnamntenesta

koordinator, rådgjevar Ingvil Nordland (Austlandet og Agderfylka)

førstekonsulent Line Lysaker Heinesen (Austlandet og Agderfylka) (engasjement)

rådgjevar Kjell Erik Steinbru (Vestlandet)

rådgjevar Kjersti Bruvoll (Mdt-Noreg) (permisjon til 1.8.)
 førstekonsulent Kristin Fridtun (Mdt-Noreg) (engasjement 1.1.–1.8.)
 rådgjevar Astrid Sann Evensen (norske namn i Nord-Noreg)
 seniorrådgjevar Irene Andreassen (kvensk)

Teiknspråk
 rådgjevar Sonja Mÿhre Holten

Administrative støttefunksjonar
 rådgjevar Rikke Elisabeth Hauge (pensjonist frå 1.10.)
 førstekonsulent Lars Erik Klemsdal
 seniorkonsulent Pål Knutzen
 arkivleiar Vigdis Nilssen
 førstekonsulent Sabine Rosenhart (slutta 31.8.)

Rekneskap for 2012

Inntekter		Utgifter	
Løyning på statsbudsjettet	30 374 000	Løn inkl. arbeidsgjevaravgift	20 382 000
Overført frå 2011	348 000	Varer og tenester	10 912 000
Kompensasjon for lønsoppgjeret	623 000	Inntektskrav	234 000
Lønsrefusjonar	596 000		
Andre inntekter	232 000		
Sum inntekter	32 173 000	Sum utgifter	31 528 000
		Overskot	645 000
	32 173 000		32 173 000

Del denne sida:     

 [Skriv ut](#)